



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 04.05.2016
Vår ref.: 2014/14561-89
Saksbehandlar: pernord1
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Invitasjon til dagskurs om utbyggingsavtalar onsdag 21. sept. 2016

Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Bergen kommune har no glede av å invitere til kurs om utbyggingsavtalar. Regionsenterkommunane i Hordaland er særskild invitert til kurset, men representantar for alle kommunane er velkomne! Bakgrunnen er den store interessa for temaet som er registrert i plannettverksmøte 19. februar 2015, fellesmøte med regionsenterkommunane 27.01.2016 og halvdagskonferanse om rekkefølgjekrav og utbyggingsavtalar 5. april 2016.

Om kurset:

Føremål: Auka kompetansen om utbyggingsavtalar i kommunane for betre gjennomføringa av planar og raskare realisering av prosjekt. Bidra til meir lik praksis og betre bruk av rekkefølgjekrav

Omfang: Dagskurs - ein full dag

Målgruppe: Kommunane/tilsette i kommunane

Arrangør: Hordaland fylkeskommune, regionalavdelinga og etat for utbyggingsavtalar i Bergen kommune

Tid: Onsdag 21. september (førebels tidsramme 09 – 17)

Stad: Hotell Grand Terminus, Bergen

Kursform: Kurset vil ha både foredrag og «case- studiar» med gruppearbeid.

Kursavgift: Kr 500 pr deltakar

Påmelding: Det vert i løpet av mai sendt ny informasjon om kurset med digital påmelding. Informasjon om kurset og påmelding vil og verta tilgjengeleg på www.hordaland.no.

Vi ber om at informasjon om kurset vert formidla til aktuelle deltakarar, og at dei som er interessert alt no reserverer dagen. Ved større påmelding enn kurset har kapasitet for vil fylkeskommunen ha høve til å prioritera deltakarar ut i frå eit prinsipp om god fordeling av kompetansen.

Det skal nyttast nokre reelle og dagsaktuelle «case» i kurset. Vi ønskjer tips om aktuelt saker der utbyggingsavtalar er aktivt brukt. Helst saker som er i prosess, eller som nyleg er avslutta. Har ein slike tips så send ein epost til: per.nordmark@hfk.no.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Eva Katrine Ritland Taule
konstituert plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Plankontaktar i Hordaland